



Foto: Jan de Lange

## Status og råd

Fiskedøyringsraten har vore relativt stabil sidan 2003 og gytebestanden er nær grensenivået. Rekrutteringa har vore låg sidan 2003, men var over gjennomsnittet i 2014 og 2015.


Den førre avtalte forvaltingsstrategi for kviting er basert på eit estimat for høgt langtidsutbytte som ICES ikkje reknar som gyldig. På grunn av dette er kvoten for Nordsjøen og Den austlege engelske kanal redusert med 29 % i 2017. Ein slik reduksjon reknar ein med vil auke utkast og redusera uttaket av andre arter i eit blandingsfiske der fisket blir lukka når kvoten for ein art er oppfiska. På grunn av dette er kvoten for Nordsjøen og Den austlege engelske kanal den same som i 2016: 16 003 tonn.

Av totalkvoten i Nordsjøen disponerer EU 90 % og Noreg 10 %, men Noreg forhandlar seg ofte til ei overføring av kvote. I 2017 er Noregs totalkvote i Nordsjøen 1 300 tonn.

Kviting i Skagerrak vert handsama som ein egen bestand, men det er ingen bestandsberekningar, og ICES tilrår ei kvote i Skagerrak/Kattegat på 1 050 tonn basert på ICES sine retningslinjer for datafattige bestandar. I Skagerrak tar Noreg mindre enn 2 % av totalkvoten.

## Fiskeri

Kviting blir fiska i eit blanda kvitfisk-fiskeri, i fiskeri retta mot flatfisk, i krepsefisket og i fisket etter augepål (industriålfske). Minste maskeviddereguleringar har redusert utkast i kvitfisk-fiskeria i den nordlege Nordsjøen, men i den sørlege delen har utkast auka på grunn av endringar i flåtedynamikken for krepsefiskeri og fiskeri med finmaska reiskap.



**Bestand og fangst av kviting i Nordsjøen og Skagerrak.**  
*Stock size and total catch of whiting in the North Sea and Skagerrak.*

**Kviting** – *Merlangius merlangus* – Whiting  
**Familie:** Gadidae (torskefamilien)  
**Andre namn:** Bleige, bleike, hvitting  
**Maks storleik:** 55 cm og 1,5 kg  
**Levetid:** 12 år  
**Leveområde:** Nordsjøen og Skagerrak  
**Gyteområde:** Heile Nordsjøen  
**Gytetidspunkt:** Januar–juni  
**Føde:** Fisk

## Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2017 (totalfangst): 24 577 tonn

TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2017:

16 003 / 1300 tonn (Nordsjøen)

1050 / 19 tonn (Skagerrak)


TOTALFANGST/NORSK FANGST 2015:

33 188 / 1088 tonn (Nordsjøen)

713 / 5,9 tonn (Skagerrak)

NORSK FANGSTVERDI 2015: 7 mill. kr i Nordsjøen,

74 000 kr i Skagerrak



## Fakta om bestanden:

Kvitingen er utbreidd i Aust-Atlanteren frå Gibraltar til Island og det søraustlege Barentshavet. Den finst langs heile norskekysten, men er mest vanleg nord til Stad. Kvitingen held seg vanlegvis ved botnen på 10–200 meters djup, men er også høgare i vassøyla.

Gyteperioden til kviting er lang. I sørlege del av Nordsjøen (Den engelske kanal) startar den allereie i januar. Lenger nord er gyteperioden frå mars til slutten av juni. Der er egg og larvar er funne så seint som i september. Yngelen er pelagisk noko lengre enn yngel av torsk og hyse. Kvitingen vert kjønnsmoden når han er to år gammal.

Kvitingen er et typisk fisk, og er ein av dei viktigaste predatorane i Nordsjøen. Han tek i hovudsak sild, augepål og tobis, men også ein del yngel av torsk, hyse og kviting.